



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

Til  
NAV Hordaland  
Postboks 284  
5804 Bergen Oslo

### **NEI TIL NEDLEGGING AV NAVKONTORA I HARDANGER.**

Hardangerrådet iks er Regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Regionrådet er sett saman av dei 7 Ordførarane. Hardangerrådet iks arbeider med koordinering og utvikling av interesser og tiltak på tvers av kommunane/herada.

Regionrådet i Hardangerrådet iks drøfta den 13.mars 2014 mediaoppslaga om nedbygging av NAV-kontor i kommunane til 8 i Bergen og til 5 i Rest-Hordaland.

### **Regionrådet kan ikkje akseptera nedlegging av NAV-kontora i Hardanger! Fordi:**

#### **Dette vil gje dårlegare tenestetilbod for innbyggjarar og næringsliv.**

Framlegget frå Bogsnes vil medføre at et stort geografisk område vil være udekket av NAV-tenester og medføre ei sterkere sentralisering av NAV-systemet. Det må vera eit prinsipp for NAV å gje likeverdige tenester til alle innbyggjarane i landet. Det statleg-kommunale samarbeidet, som NAV-reforma bygde opp, føresette at alle kommunane hadde eit tenestetilbod. Hardanger har etablert samlokalisering og inngått partnerskapsavtaler mellom statelege trygdekontor, stateleg A-etat og den kommunale sosialtenesta i kommunene. Intensjonen om eit tett samarbeid og «ei dør» inn til tenestene vil falle bort viss ein sit att kun med den kommunane ansvarsdelen. Forslaget vil ramma nokon av de svakeste i samfunnet og undergrave NAV-reforma.

Me har erfaring for at den personlige kontakten og oppfølginga me får ved å ha et NAV-kontor lokalt, har gjeve gode resultater spesielt for ungdom som er på veg til å falle utenfor arbeidslivet.

#### **Dette betyr vidare nedbygging av statlege arbeidsplassar i Hardanger.**

Staten har i lang tid flagga ut tenesteytande arbeidsplasser frå Hardanger, og me beklagar at byråkratiet som er lokalisert til Bergen har same innstillinga. Framlegget frå Bogsnes til plassering av NAV-kontor vil svekka Regionsenterfunksjonane i Kvam og Odda, og slik også Hardanger som region, med konsekvens av endå sterkere flyttestraum til kysten av Hordaland. Hardangerrådet iks forventar at NAV Hordaland opprettheld den etablerte NAV-strukturen i Fylket og at innbyggjarane og bedriftene i Hardanger kan vera trygge på at NAV er vår beste medspelar for alle som treng hjelp og støtte i sine nærmiljø.

Kinsarvik 19.03.2014

John Opdal/s  
Rådsordførar

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar